

---

**Fra:** Frøydis Ones  
**Sendt:** 10. februar 2017 09:39  
**Til:** Olsen Jannicke Neteland (jannicke.neteland.olsen@vegvesen.no)  
**Kopi:** Arne Eikefet  
**Emne:** Innspel til trafikkløysing e39 frå Oddvar Haugland  
**Vedlegg:** e39-Knarvik.jpg

Hei,  
Eg vidaresender eit innspel til E39 som nyleg er motteke.  
Vi vidaresender dette sjølv om merknadsfristen er gått ut.

mvh  
Frøydis Ones  
Plansjef  
Planavdelinga  
Lindås kommune

---

**Fra:** Oddvar Haugland [<mailto:oddvarhau@yahoo.com>]  
**Sendt:** 6. februar 2017 14:08  
**Til:** Line Thuen Waage  
**Emne:** Innspel til trafikkløysing e39

## E39 gjennom Knarvik

Her er eit diskusjons- innspel om E39 gjennom Knarvik. Det ser ut som Vegvesenet har planar om å byggje mange og lange tunnellar på E39. Kvifor ikkje byggje tunnel frå Flatøy, under Hagelsundet til Isdal/Aase? Sjå vedlagte innteikning i kart.

Tek eg ikkje mykje feil, har Vegvesenet vurdert tunnel som ei løysing som alternativ til bru, men eg kan ikkje hugse å ha sett ei slik vurdering frå Vegvesenet.

Ein tunnel vil gå ca like djupt under overflata i Hagelsundet som Hagelsundbrua i dag er over (50 meter). Hagelsundet er ca 40 meter djupt.

Med tunnel unngår ein (sjølv sagt) å byggje ny bru over Hagelsundet. Det vil spare Knarvik for store inngrep, ein vil unngå ørten omleggingar av vegen i anleggstida, og ikkje minst vil ein frigjere store og verdifulle areal i Knarvik. I tillegg unngår ein mykje trafikkstøy, støv, eksos og kø i sentrum av Knarvik-byen.

Tunnelskissa tek utgangspunkt i eit av Vegvesenet sine alternativ til vidareføring av e39 nordover og ny veg mot Radøy.

Tunnelen blir gjennomgangsveg, og noverande bru og veg i Knarvikområdet blir lokalvegar for byen Isdal/Knarvik/Flatøy. Å leie hovudtrafikken utanom sentrum, er i tråd med moderne vegplanlegging.

For meg ser tunnellalternativet ut som ei enklare og rimelegare totalløysing enn ny bru med mange kompliserte prosessar.

Knarvik

Oddvar Haugland